



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

ÅRSMELDING FOR 2020

1. INNLEIING

Etter lov av 22.juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (KL) § 23-1 er kommunen pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, forestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalgets uavhengige stilling i høve til andre folkevalgte organ og administrasjonen er ivareteke gjennom strenge krav til valbarheit.

2. UTVALETS SAMANSETNING

Etter kommunevalet hausten 2019 vart det valt kontrollutval for perioden 2019 – 2023 som fekk følgjande samansetning:

Nr	Navn	Funksjon	Parti
1	Oddvar Hoksnes *	Leiar	Krf
2	Oddbjørg Sporsheim	Nestleiar	V
3	Wilhelm Andersen (for Kristian Onsøyen fram til august 2021)	Medlem	Ap
4	Anita Hoøy Rekkavik	Medlem	Ap
5	Grant Johansen Solem	Medlem	Frp

Nr	Varamedlemmer		
1	Jørn Anders Thomassen	Vara	SV
2	John-Harry Rognskog Edvardsen	Vara	H
3	Kristoffer J. Rød (fram til august 2021)	Vara	Sp

* = medlem av kommunestyret

Ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalets møter.

3. SEKRETARIAT

” Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalgets behov”, jf. Kommuneloven § 23-7.

Sekretariatet skal påsjå at sakene som vert handsama av kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidd, og at utvalets vedtak blir iverksett, jf. § 23-7, 2. ledd.

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala. Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal vart frå 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova's § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre.

Styret er samarbeidets øvste organ og ivaretek arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet sine tilsette. I styremøte 3.februar 2020 vart Stig Holmstrøm, Vestnes kommune valt til styreleiar og Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal kommune vart valt til nestleiar for valperioden 2019-2023.

I 2020 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet ivareteke av rådgiver Sveinung Talberg.

4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2020

Kontrollutvalet har i 2020 hatt 6 ordinære møter og handsama 45 protokollerte saker. Av desse er 8 saker oversendt kommunestyret. I tillegg er det handsama 48 referatsaker og 32 orienteringssaker.

Kontrollutvalets møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalets møter vert haldne for åpne dører, og blir hovedsakeleg avheldt på kommunehuset. På grunn av Covid-19 og restriksjonar i høve åpne møter, har møta våren 2020 blitt halde som fjernmøter via Teams. Hausten 2020 er møta blitt haldne i kommunestyresalen.

Kontrollutvalet har på forespurnad fått orienteringar frå administrasjonen og kommunerevisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Aukra er vedteke av kommunestyret i møte 19.11.2019 i k-sak 85/19.

Plan for Kontrollutvalets verksemd 2020-2023

Kontrollutvalet utarbeider ein verksemdsrapport ved avslutning av valperioden som vert lagt fram for kommunestyret. Det vert rapportert, men det har mangla ei plan å rapportere mot. Kontrollutvalet ser det som hensiktsmessig at det for kvar valperiode vert laga ei plan for kontrollutvalets verksemd. Det er naturleg at denne vert laga av det nye kontrollutvalet i løpet av første år etter nytt val. Plana vert sendt til kommunestyret for godkjenning, slik det vert gjort med plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. På denne måten kan kommunestyret også involverast i å sette rammer for kontrollutvalets verksemd i gjeldande valperiode. På denne bakgrunn handsama og vedtok kontrollutvalet i møte 18.02.2020, sak PS 07/20 plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023. Aukra kommunestyre vedtok plana i møte 04.03.2020, sak PS 15/2020.

Møteplan og Tiltaksplan 2020 for Kontrollutvalet i Aukra

Kontrollutvalet skal rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret, jf. kommunelova § 23-5. Kontrollutvalet vedtok i møte 13.02.2020, sak PS 08/20 møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet si verksemd i 2020.

Tiltaksplana er bygd opp etter same mal som plan for kontrollutvalets verksemd 2020-2023.

Representasjon

Alle 5 medlemene i kontrollutvalet deltok på NKRFs¹ **Kontrollutvalgskonferanse 2020** på Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen 29.01.-30.01.2020.

Grunna restriksjoner i samband med Covid-19 vart FKFs² **Årsmøte og Fagkonferanse 2020** på Quality airport Hotel Gardermoen avlyst. Årsmøtet vart avhalde på Teams 3.6.20 der Grant Solem deltok frå kontrollutvalet i Aukra.

4.1 Tilsyn med revisjonen

Kommuneloven § 23-2 bestemmer at kontrollutvalget skal påse at:

a) kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 bestemmer at kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at:

a) kommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte.

b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor.

c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.

Utvalet har fått seg forelagt og handsama følgjande i 2020:

- **Revisjonens rapport til kontrollutvalet frå interimrevisjonen – rekneskapsrevisjon 2019 Aukra kommune** (Sak PS 03/20 den 18.02.2020).
- **Rekneskapsrevisjon – presentasjon av årsoppgjer 2019 Aukra kommune** (Sak PS 28/20 den 11.08.2020).
- **Revisjons- og kommunikasjonsplan for revisjonsåret 2020 Aukra kommune** (Sak PS 37/20 den 22.09.2020).
- **Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit – rekneskapsrevisjon 2020** (Sak OS 27/20 den 13.11.2020).
- **Vurdering av kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor** (Sak PS 44/20 den 17.11.2020).

Dokumenta er blitt supplert med muntleg orientering frå oppdragsansvarleg revisor. Vidare er revisjonsmeldinga for årsrekneskaper for Aukra kommune for 2019 blitt forelagt utvalet i møtet 11.08.2020.

4.2 Uttale til årsmeldinga, årsrekneskaper og investeringsprosjekt

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 bestemmer at kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet innstiller til vedtak.

Etter § § 24-8 skal regnskapsrevisor avgi en revisjonsberetning til kommunestyret senest 15. april. Det skal sendes kopi til kontrollutvalget, til formannskapet og til kommunedirektøren.

- **Årsrekneskap og årsmelding 2019 – Aukra kommune** (sak PS 29/20 i møte 11.08.2020)

Kvaliteten og presentasjonsforma av årsrekneskap og årsmelding har vore tilfredsstillende, men kommunen vari 2019 alt for sein med sjølv avlegginga i høve fristane. Utvalet har fått kopi av revisjonsmeldinga samt oppsummering etter årsoppgjersrevisjonen som grunnlag for kontrollutvalets uttale.

Utvalet har fått seg forelagt og handsama kommunen sine tertialvise økonomirapportar.

¹ Norges Kommunerevisorforbund

² Forum for Kontroll og Tilsyn

Kontrollutvalet har fått seg forelagt som orienteringssak det årlege skatterekneskapet frå skatteoppkrevar saman med Skattefutens kontrollrapport med skatteoppkrevarfunksjonen.

Kontrollutvalget har i 2020 fått seg forelagt to sluttrapportar/byggeregnskap for investeringar til handsaming og avgjewe uttale til kommunestyret til disse. Dette gjeld:

- **SLUTTRAPPORT PROSJEKT 679103 GANG- OG SYKKELVEG RØD-LØVIKA**
(Sak PS 45/20 i møte 17.11.2020)
- **SLUTTRAPPORT PROSJEKT 620100 ENERGISENTRAL, TRINN 2**
(Sak PS 46/20 i møte 17.11.2020)

4.3 Forvaltningsrevisjon

Kommuneloven § 23-2, 1.ledd bokstav c) bestemmer at kontrollutvalget skal påse at det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet, og av selskaper kommunen har eierinteresser i. § 23-3 bestemmer at forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens virksomhet og virksomheten i kommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret selv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 4 bestemmer at kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller og resultatet av dem. § 5 bestemmer at kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Det er utarbeidd **Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2023** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 22.09.2020, sak 34/20 og seinare vedteke av kommunestyret i møte 15.10.2020 i K sak 77/20.

Kontrollutvalet hadde i budsjettet for 2020 lagt inn kr 250 000 til forvaltningsrevisjon. I budsjett til forvaltningsrevisjon låg det inne noko arbeid med overordna analyse som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og evt. bestilling og oppstart av eit nytt prosjekt i 2020. I budsjettet for 2021 ligg det inne gjennomføring av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er budsjettert med midlar til bestilling og gjennomføring av forvaltningsrevisjon i 2021 med kr 350 000. Kontrollutvalet bestilte på den bakgrunn i møte 17.11.2020, sak 42/20 eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på området «*Tilpassa opplæring og spesialundervisning i Aukra kommune*» med levering våren 2021. Kontrollutvalet følgjer fortsatt opp tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar knytt til Aukra kommune. Siste avlagte forvaltningsrevisjonsrapport var «BRUKERMEDVIRKNING INNEN PLEIE OG OMSORG» som vart handsama i kontrollutvalet 25.09.2019, sak 23/19 og i kommunestyret 19.11.2019, sak 83/19.

4.4 Eigarskapskontroll

Kommuneloven § 23-2, 1.ledd bokstav d) bestemmer at kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll). § 23-4 bestemmer at eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret selv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 4 bestemmer at kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller og resultatet av dem. § 5 bestemmer at kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Det er utarbeidd **Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2023** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 22.09.2020, sak 35/20 og seinare vedteke av kommunestyret i møte 15.10.2020 i K sak 78/20.

Gjennomføring av eigarskapskontroll forutset at kommunen har utarbeidd eierskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunen sine interesser i selskap samt eierstrategiar for kvart enkelt selskap). Aukra kommune har ei eigarskapsmelding som er vedteke av kommunestyret 31.03.2011, sak 21/2011 og revidert i kommunestyret 11.10.2016, sak 80/16. Dokumentet er førande og skal leggest til grunn ved utøving av kommunen sitt eigarskap. Kommunen forvaltar store verdiar på vegne av fellesskapet gjennom eigendeler i fleire selskap. Kommunelova stiller i § 26-1 krav om at kommunar minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kontrollutvalet forventar at ny eller revidert eierskapsmelding blir lagt fram for handsamking i kommunestyret i nær framtid.

Det har ikkje vore gjennomført forvaltningsrevisjon med eigarskapskontroll i sist valperiode. Det kan vere grunnlag for å bestille forvaltningsrevisjon med eigarskapskontroll seinare i 2021.

4.5 Særlege oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalets særlege oppgåver følgjer av kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Val av revisjonsordning og val av revisor

Kommuneloven § 24-1 bestemmer at kommunestyret selv avgjør om kommunen skal ansette egne revisorer, delta i et interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med en annen revisor.

Kommunestyret velger selv revisor. Vedtak etter første og andre ledd treffes etter innstilling fra kontrollutvalget. Dette følger også av forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 8.

Kontrollutvalet i Aukra handsama i møte 06.05.2019 sak 18/19, val av revisjonsordning og val av revisor. Innstillinga frå kontrollutvalet til kommunestyret var at:

1. Aukra kommunestyre godkjenner at Aukra kommune held fram med revisjon i eigenregi.

2. Aukra kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Aukra kommune, under føresetnad av at selskapet blir stifta.
3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Aukra kommunestyre fatta i møte 18.06.2019, sak 37/19 vedtak i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

Møre og Romsdal Revisjon SA var operativt frå 01.01.2020, men det har teke noko tid å få på plass utkast til avtale.

Kontrollutvalet handsama i møte 17.11.2020, sak 40/20 oppdragsavtale mellom Aukra kommune og Møre og Romsdal Revisjon SA. Oppdragsavtalen vart einstemmig vedteken.

Skriftlege påpeikingar frå rekneskapsrevisor

Kommuneloven § 24-7 bestemmer at revisor skal gi skriftlige meldinger om

- a) vesentlige feil som kan føre til at årsregnskapet ikke gir riktig informasjon
- b) vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- c) vesentlige mangler ved den økonomiske internkontrollen
- d) manglende eller mangelfull redegjørelse i årsberetningen for vesentlige budsjettavvik
- e) enhver mislighet
- f) hvorfor han eller hun ikke har skrevet under på oppgaver som kommunen sender til offentlige myndigheter, og som revisor etter lov eller forskrift skal bekrefte
- g) hvorfor han eller hun sier fra seg revisjonsoppdraget.

Meldinger som nevnt i første ledd skal sendes i nummerte brev til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.

Hvis revisor avdekker eller på annen måte blir kjent med misligheter, skal han eller hun straks melde fra om det etter første ledd bokstav e. Når saksforholdet er nærmere klarlagt, skal revisor sende et nytt brev til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.

Revisor skal årlig gi en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om forhold som er tatt opp etter første ledd, men som ikke er rettet opp eller som ikke er tilstrekkelig fulgt opp.

Kontrollutvalet i Aukra har ikkje motteke meldingar frå revisor i 2020 i høve § 24-7.

Forenkla etterlevingskontroll med økonomi- forvaltninga

Kommuneloven § 24-9 bestemmer at regnskapsrevisor skal se etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Kontrollutvalet i Aukra fekk i møte 22.09.2020, sak 36/20 uttale frå revisjonen om resultatet frå forenkla kontroll med etterlevinga av økonomiforvaltninga i Aukra kommune i 2019.

Kontrollen omfatta "**Kommunen sine forpliktingar knytt til finansiering av fastlandssambandet Kjerringsundet**". Temaet var oppe i møte 11.08.2020 i samband med

kontrollutvalet si handsaming av årsrekneskap og årsmelding. Kontrollutvalet ga si tilslutning til valet i møtet.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor gjorde greie for funna i kontrollen. Utgangspunktet for kontrollen var om:

- Aukra kommunestyre har fatta bindande vedtak for delfinansiering av fastlandssambandet «Kjerringsundet»?
- Aukra kommune har ein bindande avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar, om delfinansiering av fastlandssambandet «Kjerringsundet»?

Basert på dei utførte handlingar og innhenta bevis som revisjonen har gjort, er ikkje revisor blitt merksam på noko som gjev revisor grunn til å tru at Aukra kommune har inngått bindande forpliktingar knytt til fastlandssambandet «Kjerringsundet» i den perioden kontrollen omfattar.

Kontrollutvalet fatta vedtak om ein rapporterer saka og kontrollutvalet si handsaming og vedtak vidare til kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet tek revisjonen si rapportering frå forenkla kontroll med etterlevinga av økonomiforvaltninga i Aukra kommune for 2019 til orientering med følgjande tema: **"Kommunen sine forpliktingar knytt til finansiering av fastlandssambandet Kjerringsundet".**

Kontrollutvalet rapporterer resultatet av kontrollen og kontrollutvalet si handsaming av saka til kommunestyret, og ber kommunestyret ta saka til orientering.

Kommunestyret handsama saka i møte 15.10.2020, sak 76/20 der kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Revisor presenterte i kontrollutvalets møte 17.11.20, sak 43/20 risiko- og vesentleganalyse før etterlevingskontroll rekneskapsåret 2020. I samband med handsaming av revisjons- og kommunikasjonsplana for 2020 i møtet 22.09.2020 la revisor fram eit risikokart på kva tema ein såg for seg kontrollen skulle gå på. Kontrollutvalet slutta seg til revisor sine vurderingar. Møre og Romsdal Revisjon SA har gjennomført ein risiko- og vesentlegvurdering og revisor vurderer at det er mest relevant å gjennomføre forenkla etterlevingskontroll knytt til risiko 6 i 2020:

• **Kontraktoppfølging – Kulturhus og basseng**

Kontrollutvalet vil etter at kontrollen er gjennomført få presentert funn og uttale frå revisor.

Budsjetthandsaming

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon bestemmer i § 2 at kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Aukra for 2020 vart vedteke i kontrollutvalet 25.09.2019, sak 28/19 og vedteke i kommunestyret 19.12.2019, sak PS 122/2019. Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Aukra for 2021 vart vedteke i kontrollutvalet 22.09.2020, sak 33/20 og vedteke i kommunestyret 19.11.2020, sak PS 87/2020.

4.6 Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte sett i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret, rådmannen har valt å ikkje følgje opp denne oppmodinga.

Kontrollutvalet fekk i møte 15.2.2018, jf. sak 06/18, framlagt liste over politiske vedtak som ikkje er sett i verk. I kontrollutvalet sitt møte 8.5.2018 fekk utvalet i møte utdelt oppdatert liste med status for vedtaksoppfølging. Det var ei sak som sto i restanse.

Den 01.04.19 legg kommunedirektøren fram status for vedtaksoppfølging jf. RS 17/19. Kontrollutvalet stiller spørsmål om kva konsulenten skal gjere knytt til skogryddingssaka, samt kvifor klima, miljø og energiplanen ikkje er revidert i 2018 som opplyst.

Den 17.11.2020 handsamar kontrollutvalet saka på nytt (oppfølgingslista) og registrerer at det er fleire politiske vedtak som er fatta, som ikkje er følgt opp og som manglar på lista kontrollutvalet fekk i møtet 01.04.2019. Jørn Anders Thomassen stilte spørsmål ved kommunedirektøren sin internkontroll for oppfølging av politiske vedtak. Det vart frå nestleiar fremma forslag om at «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» fortsatt står og at kontrollutvalet vil be kommunedirektøren om ei ny liste over politiske vedtak som ikkje er følgt opp. Kontrollutvalet vil vurdere å sende brev til kommunestyret og orientere om at det er politiske vedtak som ikkje er følgt opp og som manglar på lista.

4.7 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker (oppfølgingslista)

Kontrollutvalet har ei eigen oppfølgingsliste over saker til vidare oppfølging. Denne blir handsama og oppdatert i stort sett kvart kontrollutvalsmøte.

Følgjande nye saker vart ført opp på oppfølgingslista i 2020:

- Kommunedirektøren si plan for oppfølging av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapport brukarmedvirkning i pleie og omsorg. (møte 18.02.2020)

Følgjande saker er avslutta i 2020 for vidare oppfølging:

- Grunnskoleområdet. (møte 12.05.20)
- Innspel frå pårørandeforeininga ved Aukra Omsorgssenter. (12.05.20)
- Barnevernstenester. (møte 17.11.2020)
- Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune. (møte 17.11.2020)

Saker frå kontrollutvalet som ikkje er avslutta pr. 31.12.2020 er følgjande:

Sak nr. / dato	Sakstittel/innhold	Restanse i kontrollutvalet til vidare oppfølging
25.02.15	<p><u>Oppfølging av politiske vedtak</u> Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde.</p>	<p>Forvaltningsplan for leplanting på Gossen i k-sak 11/20 den 4.3.20: 1. Aukra kommunestyre tek Forvaltning av leplantefelt på Gossen og Oversiktsplan, forvaltning og drift av Aukraskogen til vitande. 2. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med oppfølgings- / gjennomføringsplanar med utgangspunkt i ovannemnde planar. 3. Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med revisjon av vernskogforskrifta i Aukra kommune.. 17.11.20: «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» fortsatt står og at kontrollutvalet vil be kommunedirektøren om ei ny liste over politiske vedtak som ikkje er følgt opp. Kontrollutvalet vil vurdere å sende brev til kommunestyret og orientere om at det er politiske vedtak som ikkje er følgt opp og som manglar på lista.</p>
14.06.17	<p><u>Arbeidsmiljøutvalet (AMU)</u> Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.</p>	<p>18.02.20: Om verneomboda kan, jf. arbeidsmiljølova, velje nye faste medlemar og varamedlemar frå arbeidstakersida slik det står i vedtaket i saka til AMU 18.09.19, sak PS 21/19.</p>
15.02.18	<p><u>Informasjonssikkerheit</u> Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).</p>	<p>17.11.20: Kontrollutvalet ber om ei ny oppdatering av status frå kommunedirektør i neste møte. I den seinare tid har ein opplevd at nettilgangen til kommunen har vore nede fleire gonger. Kontrollutvalet ønskjer svar frå kommunedirektøren på kva økonomiske og helsekritiske konsekvensar dette har for kommunen. Om ein ikkje direkte får svar på kva årsaka til manglande nettilgang har vore, så ønskjer ein svar på kva avbøtande tiltak kommunen har i høve slike hendingar.</p>
10.12.18	<p><u>Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»</u> Kontrollutvalet behandla i møte 15.3.2018 sak 10/18 Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune». Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret som behandla saka i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18. Tiltrådingane var knytt til følgjande områder: -Tiltak for etterleving av regelverket -Anskaffingar etter regelverket -Bruk av rammeavtalar -Organisering av området</p>	<p>12.05.20: Kontrollutvalet har orientert kommunestyret i møte 07.05.20 om kontrollutvalet si handsaming i møte 18.02.20. I brev av 23.04.2020 til kommunestyret uttrykker kontrollutvalet bekymring for framdrifta med oppfølging av anbefalingane og ønskjer å underrette kommunestyret om dette. Kontrollutvalet følgjer saka vidare i høve oppfølging av anbefalingane. 03.11.20: Melding frå kommunedirektør om at ein ber om utsetjing av orientering til neste møte i kontrollutvalet. (23.02.21) 17.11.20: Kommunedirektøren har til møtet gjeve ei kort attendemelding til kontrollutvalet på status oppfølging av anbefalingane. Kontrollutvalet registrerer at oppfølginga tek tid og kontrollutvalet</p>

	<p>Kommunestyret bad rådmannen om å syte for at tilrådingane blir følgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.</p> <p>Kommunestyret bad rådmannen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 14. juni 2018.</p>	<p>vil stille kommunedirektøren spørsmål om det føreligg ei tidsplan for når ein skal vere i mål med arbeidet, kva for prioriteringar som ligg til grunn for manglande oppfølging og kvifor ein ikkje har effektuert vedtaket raskare. Kontrollutvalet uttrykte misnøye med oppfølginga etter at kommunestyret var blitt orientert om manglande oppfølging jf. brev av 23.04.2020 frå kontrollutvalet, og kontrollutvalet vilo vurdere å informere kommunestyret på nytt om status i tillegg til at kommunedirektøren til neste møte i kontrollutvalet må kome med ei forpliktande attendemelding til kontrollutvalet.</p>
25.09.19	<p><u>Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg»</u></p> <p>Forvaltningsrevisjonsrapporten Brukermedvirkning pleie og omsorg Aukra kommune, vart oversendt kontrollutvalet i Aukra datert 6.9.2019.</p> <p>Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 25.09.2019, sak 23/19 og sendte si innstilling til vedtak til kommunestyret som handsama rapporten i møte 19.11.19, sak 83/19. Kommunestyret slutta seg til innstillinga der det var fremma 4 anbefalingar som kommunedirektøren skal følgje opp.</p>	<p>07.02.20: Kommunedirektøren svarar på brevet frå kontrollutvalssekretariatet av 15.01.2020. Kommunen skisserer der ei plan for oppfølging og konkrete tiltak.</p> <p>18.02.20: I møtet gjorde einingsleiar institusjonstenester og einingsleiar heimetenester greie for plana og svara på spørsmål frå utvalet. Ein vil sette i verk tiltak allereie i 2020, men at evaluering av effektane først kan målast og vurderast lenger fram i tid. Det vart opplyst at tiltaka vert sett i verk ut frå lokale tilhøve og frå 01.12.2020. Det vart også opplyst at det vert eit statleg tilsyn på Aukraheimen i september 2020.</p>

4.8 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet hadde i 2020 ingen sak som refererte seg spesielle undersøkingar.

4.9 Verksemdsbesøk

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli betre kjend med kontrollutvalet, kan kontrollutvalet gjennomføre besøk i ei kommunal verksemd. Gjennomføring av verksemdsbesøk gjev kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltningea og gjev verksemda moglegheit til å bli kjend med kontrollutvalet.

Kontrollutvalget i Aukra var i forkant av møtestart 22.20.20 på verksemdsbesøk hos Aukra omsorgssenter. Oppsummering frå besøket ligg i kontrollutvalets orienteringssak 30/20 i møte 17.11.2020. Besøket ga kontrollutvalet betre utgangspunkt for å følgje opp sakene på oppfølgingslista.

4.10 Sentrale kommunale styringsverkty

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å undersøke om kommunen har etablert ein betryggande og hensiktsmessig internkontroll.

Etter § 25-1 i kommunelova skal kommunen ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgd. Kommunedirektøren i kommunen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Dette inneber at kommunedirektøren skal:

- a) utarbeide ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrar

- c) avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Etter § 25-2 skal Kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn minst éin gong i året. Det er ikkje kjend for kontrollutvalet korleis kommunedirektøren vil innrette denne rapporteringa.

Aukra kommune har etablert eit elektronisk verkty for å ivareta internkontrollen.

I tillegg til dette har kommunen følgjande sentrale styringsverkty:

- ❖ **Økonomireglement for Aukra kommune** (vedteke 28.09.05 i K-sak 69/05, revidert 13.12.18 i K-sak 93/18)
- ❖ **Delegeringsreglement for Aukra kommune** (vedteke i K-sak 106/12 og revidert i K-sak 16/14, K-sak 113/16, 18.06.19 i k-sak 38/19, 17.12.20 i k-sak 99/20)
- ❖ **Reglement for finansforvaltning i Aukra kommune** (vedteke 19.6.2018) i K-sak 49/18.)
- ❖ **Investeringsreglement – nytt kap. 9 i Aukra kommunes økonomireglement** (vedteke 13.02.2014 i K-sak 4/14)
- ❖ **Eigarskapsmelding** (vedteke 11.10.2016 i K-sak 80/16)
- ❖ **Informasjonssikkerheit i Aukra kommune – overordna plan** (vedteke 7.2.2017 i K-sak 10/17)
- ❖ **Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Aukra kommune 2018-2022** (vedteke 17.4.2018 i k-sak 20/18)
- ❖ **Compilo – Kommunen sitt elektroniske kvalitetsikringssystem**
- ❖ **Revidert plan for likestilling og mangfold 2019 – 2023** (vedteke 5.2.19 i k-sak 4/19)
- ❖ **Lønnspolitisk plan for Aukra kommune 2018 – 2020** (vedteke 5.2.19 i k-sak 5/19)
- ❖ **Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019 – 2030** (vedteke 5.2.19 i k-sak 11/19)
- ❖ **Reglement for godtgjersle for kommunale ombod i Aukra kommune for perioden 2019-2023** (vedteke 27.08.19 i k-sak 49/19)
- ❖ **Helhetlig ROS-analyse – endelig versjon** (Referatsak 46/19, kommunestyret 19.12.19)
- ❖ **Bygging/utvikling av heiltidskultur i Aukra kommune 2020 – 2023** (vedteke 06.02.20 i k-sak 08/20)
- ❖ **Forskrift om folkevalte sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune** (vedteke 18.06.20 i k-sak 31/20)
- ❖ **Politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023** (vedteke 18.06.20 i k-sak 32/20)
- ❖ **Plan for kompetanseutvikling, Aukra kommune 2020 – 2025, revisjon** (vedteke 15.10.20, k-sak 81/20)
- ❖ **Revisjon Rekrutteringsplan for Aukra kommune 2020 – 2025, revisjon** (vedteke 19.11.20, k-sak 86/20)

4.11. Tilsyn frå andre

I tillegg til kontrollutvalet, utfører eksterne forvaltningsorgan tilsyn med kommunen.

Desse tilsyna kan avdekke avvik eller svakheit i den kommunale organisering og utøving av tenesteproduksjonen.

Frå 2021 bestemmer ny kommunelov § 25-2 at Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultater frå statlege tilsyn minst éin gong i året. Kontrollutvalet har tidlegere sett det som formålstenleg at kontrollutvalet og kommunestyret blir orientert om slikt tilsyn for å kunne løpande følgje opp at den samla tenesteproduksjonen i kommunen vert kvalitetssikra og forbetra.

Kontrollutvalet har i 2020 ikkje registrert at det er avlagt tilsynsrapportar for Aukra kommune, men er orientert om at Fylkesmannen skulle gjennomføre tilsyn med Aukra kommune si forvaltning av introduksjonslova den 15.10.20 og tilsyn med Aukra kommunen si praktisering av tvungen somatisk helsehjelp i sykehjem den 7. og 9.12.20.

5. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar til å forbetre kommunen sin tenesteproduksjon og myndigheitsutøving så vel som dei interne forvaltningsfunksjonane. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessene hos brukarane, og ein aktiv og truverdig kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Kontrollutvalet har i 2020 hatt fokus på å styrke kontrollutvalets stilling i den kommunale forvaltninga og overfor innbyggjarane i kommunen.

Utvalets arbeid krev at medlemane er aktive og set seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til kommunen.

Som kommunestyret sitt hjelpeorgan i kontrollspørsmål er kontrollutvalets virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, bl.a. for å få gjennomslagskraft for forbetningsforslag og anbefalingar og dermed kunne bistå i arbeidet for at kommunestyret sine målsetningar blir realisert.

Aukra, 23.februar 2021

Oddvar Hoksnes
leder

Oddbjørg Sporsheim
nestleder

Wilhelm Andersen

Anita Høøy Rekkavik

Grant Johansen Solem